

# **Diskusjonsvegring og maktarroganse**

**Debatten om Hardangermastene - ein dokumentasjon**

Gunnar Skirbekk

ISBN 978-82-7907-009-2  
SVT Press  
Bergen  
2015



# Diskusjonsvegring og maktarroganse

## Debatten om Hardangermastene - ein dokumentasjon

Debatten om mastene i Hardanger er lærerik, og avslørande – eit pinleg døme på diskusjonsvegring og maktarroganse. Jamfør ordskiftet i *Bergens Tidende*, frå 2009 og framover:

Statnett, med konsernsjef Auke Lont førte an. Han hadde to kron-argument: (i) Det vil bli forsyningsproblem for Bergensregionen ved kalde og tørre vintrar; derfor må det handlast raskt. (ii) Sjøkablur er usikre; det vart ofte vist til ein sjøkabel i Oslofjorden – eit «meget godt eksempel», vart det sagt.

Det ein ikkje sa, var at den yngest sjøkabelen i Oslofjorden var 29 år, og at ein på dette tidspunktet var i ferd med å leggje nye kablar i Oslofjorden. Det ein ikkje sa, var at ein hadde lagt ein sjøkabel på 58 mil frå Feda over Norskerenna til Nederland – eit prosjekt som vart framheva fordi det gav «forsyningsikkerhet». Det ein heller ikkje sa, var at det samtidig med dette var forhandlingar på gang, for å leggje sjøkablur frå norskysten til Storbritannia og kontinentet, jf North Sea Countries Offshore Grid, med avtale frå 2009.

Her er nokre fakta frå debatten:

Konsernsjef i Statnett, Auke Lont, la vekt på at sjøkabel var ei usikker løysing. Derfor vart han (i *Bergens Tidende* 29.11.2009) spurt om Statnett hadde vurdert tilrådingane frå «Sårbarheitsutvalet» NOU 24/2000 (Willoch-utvalet), der det m.a. blir vist til faren for terror og sabotasje, og for bortfall av elektrisk kraft. Eit rimeleg og relevant spørsmål, skulle ein tru. – Men nei. Ikkje svar.

Ein månads tid seinare, 22.12.2009, nytt innlegg med same spørsmål. - Ikkje svar.

Etterjul, 5.1.2010, epost direkte til konsernsjefen. - Ikkje svar.

Kva gjer ein då? Ein kan gå til oppdragsgivar, til Olje- og energidepartementet. Den 25.1.2010 vart epost send til 5 sentrale personar i departementet. - Ikkje svar.

Kva så? Justisdepartementet har ansvar for at lover og forskrifter blir etterlevde, også for at innstillinga frå Willoch-utvalet blir etterlevd. Derfor, etter ei veke vart epost send til 6 sentrale personar i Justisdepartementet. Departementet blir bedi om å «innskjerpe at også denne etaten [Statnett] må ta NOU 24/2000 på alvor». Lenge – tyst som i grava.

Men etter nær 11 månader, den 21. desember, 3 dagar før julekvelden, kom svarbrevet frå Det kongelige justis- og politidepartement – i sak, 2,5 linje, der det står at «vi ... vil ta problemstillingane ... med i vårt vidare arbeid». – God dag mann, økseskaft. Det var ikkje det det var spørsmål om. Departementet var bedi om å «innskjerpe», overfor Statnett, at Statnett må ta innstillinga frå Willoch-utvalet på alvor. – God jul og godt nyttår. – Men det vart ikkje eit godt år. – Sju månader og ein dag seinare small det. Også Justisdepartementet gjekk i lufta, med døde og såra.

Sommaren 2010, pressa av debatten, vart det på politisk hald bestemt at mastesaka skulle vurderast på nytt. Då vart det (i *Bergens Tidende* 4.9.2010) framheva at ein no måtte vurdere klimaspørsmålet: om det er rimeleg å rekne med tørre og kalde vintrar i Bergensregionen, eller om det er rimeleg å rekne med eit våtare og varmare vêrlag i åra som kjem. Og då trengst det ekspertar på klima, ikkje berre ingeniørar og økonomar. Dessutan, om vêret blir våtare og varmare, vil spørsmålet om eksport av straum melde seg med auka styrke. Men dersom ein går inn for krafteksport via likestraumskablar i Hardangerfjorden, bør ein samtidig vurdere om det er grunnlag for ein omformar frå likestraum til vekselstraum, på ein avsides og usjenert stad i ytre Hardanger (slik det er gjort i Fedra). Det vart understreka at dersom desse problemstillingane ikkje blir vurderte, vil vedtaket som skal fattast, ikkje ha politisk legitimitet.

Men det skjedde ikkje. Det vart aldri gjort. Mastevedtaket stod ved lag utan at klimaendringar og sjøkablar til utlandet, med omformar på kysten, vart vurderte.

Så, 15. januar 2013 kan *Bergens Tidende* opplyse at NorthConnect (eit svensk-norsk-britisk selskap) har søkt om konsesjon for å leggje ein sjøkabel frå Sima gjennom heile Hardangerfjorden over Nordsjøen og til Skottland.

Den 26. august 2014 kunne *Aftenposten* opplyse at Eidfjord kommune og NorthConnect har inngått avtale om ein slik sjøkabel, frå Sima til Peterhead i Skottland.

Hausten 2014 talar politikarane varmt om alle sjøkablane som no skal leggjast frå norskekysten, ikkje berre frå Sima til Peterhead, men også frå Vest-Agder til Tyskland og frå Rogaland til Storbritannia. «Sistnevnte blir verdens lengst undersjøiske kabel av denne typen, ifølge Olje- og energidepartementet.» («Grønt lys for strømkabler til Tyskland og Storbritannia. Statnett har fått konsesjon....», *NRK* 13.10.2014.) Dette vil gi «økt forsyningsikkerhet». Så sjøkablar er visst ikkje lenger eit problem, korkje i Hardangerfjorden eller andre stader.

Eksemplet, om mastene i Hardanger, er eintydig: Her er det makta som rår, ikkje dei betre argument. Og klimakrisa i naturen blir endå verre å takle når argumentasjonsklimaet er så elendig.

## Økodiskurs i praksis

### Debatten om Hardangermastene

Fjernsynskanalen *Euronews* opnar nyheitssendingane med korte filminnslag utan kommentar, berre med underteksten "no comments". Den filmatiske dokumentasjonen talar sitt eige språk. Så også her, ingen kommentar. Dette er ein dokumentar av mine bidrag til det offentlege ordsiftet om Statnett, regjeringa, og mastene i Hardanger, 2009-2014. Dokumentasjonen talar sitt eige språk, om spenningane mellom politiske organ, faglege etatar, og offentleg meningsutveksling.

Innlegga er gjengitt slik eg sende dei til avisene. Det hende at redaksjonen gjorde mindre endringar i teksten, t.d. ved å kutte referansar. Dei gongene desken har forandra overskrifta, er dette markert.

Samanfatta kan det seiast slik: Først var det diskusjonsvegring. Det er dokumentert. Så var det elendig argumentasjon. Det er dokumentert. Til slutt vart vedtak fatta utan omsyn til viktige motargument. Det er dokumentert. Kort sagt, diskusjonsvegring, sviktande argumentasjon, og maktarroganse.

---

(1)

*Det sårbare leidningsnett* (desken)

*Bergens Tidende*, 29.11.2009

#### Kabel eller luftspenn

I BT torsdag 26.11. har konsernsjef i Statnett, Auke Lont, eit innlegg til forsvar for luftspenn, og med avvising av sjøkabel som eit alternativ i indre Hardanger: "En kabelløsning vil etter vår vurdering ikke gi en robust og sikker strømforsyning".

Dette er ei sak med mange sider og mange omsyn, men i denne samanhengen er det éi problemstilling som eg etterlyser, når fokus er "sikker strømforsyning":

For vel ti år tilbake vart det nedsett eit "sårbarheitsutval" med Kåre Willoch som leiar. Innstillinga vart avlevert i juli 2000: "Et sårbart samfunn", NOU 2000/24. Eitt sentralt punkt i denne innstillinga gjeld "kraftforsyning" (kap. 6, pkt 6.22), der det blir vist til korleis "bortfall av elektrisk kraft vil påvirke .... nesten alle samfunnsfunksjoner på en negativ måte", ikkje minst via informasjons- og kommunikasjonsteknologien. Eit anna punkt gjeld "terror og sabotasje" (kap. 4), der det blir vist til menneskeskapte utfordringar, som langt på veg er uforutseibare – innstillinga har som motto "det er sannsynlig at det usannsynlige vil skje". Innstillinga vart avgitt før 9/11, og før vårt engasjement i Afghanistan.

I dag er det omfattande sikringstiltak t.d. ved sentrale bygningar og ved flyavgang. Men det finst sårbare punkt: Dersom nokon er ute etter eit spektakulært anslag med lammande effekt på store delar av det norske samfunnet, ville det truleg vere relativt enkelt å sprengje eit strategisk utval av høgspennmaster som ligg lageleg til og langt frå folk.

Gitt norsk topografi er det vanskeleg å sikre seg med slike anslag, når det gjeld kraftlinjer i luftspenn. Men norsk topografi er samtidig slik at vi ofte kan leggje kraftlinjene i sjøen, der det er verre å komme til med denne typen anslag, så sant inn- og utgang er forsvarleg sikra, for eksempel ved å vere lagt i fjell.

Den type utfordringar vi her står overfor, er reelle samtidig som faremomentet av prinsipielle grunnar ikkje kan talfestast i kostnad-nytte-analysar.

I NOU 2000/24 står det å lese at eitt av dei viktigaste framlegga er "å oppdatere retningslinjer for sikring av kraftforsyningen" (1.3.1). Eg går derfor ut frå at Statnett har drøfta dei nemnde problemstillingane med styresmaktene, både med den politiske leiinga og dei involverte departement. Men for ordens skuld, lat meg formulere dette som eit spørsmål til Auke Lont: Er det slik at den type problemstillingar som Sårbarheitsutvalet viser til, er vurderte seriøst av Statnett, i dialog med politiske og militære styremakter, også med tanke på valet mellom luftspenn og sjøkabel?

(2)

### ***Robust eller sårbart***

*Bergens Tidende*, 22.12.2009

I BT den 29.11. stilte eg konsernsjef i Statnett, Auke Lont, eit konkret spørsmål ut frå innstillinga frå Sårbarheitsutvalet (ved NOU 2000/24). I BT 15.12. går kommunikasjonssjef i Statnett, Irene Meldal, ut med eit nytt forsvar for Statnett,

der ho talar om "sårbarhet". Men korkje ho eller Lont har hittil svara på spørsmålet mitt. Eg vil derfor reise spørsmålet på nytt, og av følgjande grunn:

Dei argument som Statnett så langt har presentert, har som føresetnad at dette er problem som kan behandlast ved kvantifisering og kalkulert sannsynlegheit. ("Vi har omfattende kompetanse, datagrunnlag og modeller for slike beregningar...") Men poenget med den type sårbarheit som eg viser til ut frå NOU 2000/24, er at dei ikkje kan kvantifiserast og kalkulerast på denne måten. Dei krev politisk drøfting og skjønn, ikkje kalkulerande ekspertise. Nettopp av den grunn har folk rett til å vite korleis ein institusjon som Statnett forhold seg til slike utfordringar. Eg vil derfor gjenta spørsmålet mitt:

Er det slik at den type problemstillingar som Sårbarheitsutvalet viser til, er vurderte seriøst av Statnett, i dialog med politiske og militære styremakter, også med tanke på valet mellom luftspenn og sjøkabel?

(i)

**Fra:** Gunnar Skirbekk

**Sendt:** 5. januar 2010

epost til Auke Lont, Statnett

**aldri svar**

*Konsernsjef Auke Lont, Statnett,*

*eg avventar svar på spørsmålet mitt i Bergens Tidende 29.11.09,*

*Bergen 05.01.10*

*Gunnar Skirbekk*

(ii)

**Fra:** Gunnar Skirbekk

**Sendt:** 25. januar 2010 14:07

**Til:** trj@oed.dep.no; rmk@oed.dep.no; sigrid.hjornegard@oed.dep.no;  
ivar.vigdenes@oed.dep.no; she@oed.dep.no

**Emne:** politisk ansvar og statnett; NOU 2000/24

**aldri svar**

*Eg viser til to vedlegg, med konkret spørsmål til Auke Lont i Statnett (trykt i Bergens Tidende 29.11.09 og 22.12.09),*

*med utgangspunkt i NOU 2000/24 (Sårbarheitsutvalet, ved Kåre Willoch).*

*Per 06.01.10 vart begge vedlegg sende direkte til Lont.*

*Auke Lont (Statnett) har enno ikkje svara på spørsmålet.*



*På den bakgrunn sender eg vedlegga til politisk leiing i Olje- og energidepartementet.  
Eg legg samtidig ved ei fråsegn frå Arbeidarpartiets universitetslag i Bergen, som framhevar det politiske ansvar i slike saker.*

*med vennleg helsing  
Gunnar Skirbekk*

(iii)

**Fra:** Gunnar Skirbekk

**Sendt:** 29. januar 2010 12:02

**Til:** morten.ruud@jp.dep.no; hans-olav.ostgaard@jp.dep.no;  
Karin.bugge@jp.dep.no; mette.stangerhaugen@jp.dep.no;  
annek.herse@jp.dep.no; gunnar.johansen@jp.dep.no; fmoa@online.no;  
hilde.sandvik@bt.no

**Emne:** NOU 2000/24 og Statnett

**svar 21.12.2010** – etter 11 månader; sjå nedanfor

*Justis- og politidepartementet  
Administrativ leiing*

*sak: NOU 2000/24 og Statnett*

*Eg viser til to vedlegg (trykt i Bergens Tidende 29.11.09 og 22.12.09) med eit konkret spørsmål til konsernsjef Auke Lont i Statnett.  
Konsernsjefen har ikkje svara på spørsmålet, heller ikkje etter at Lont vart tilskriven direkte per 05.01.10.*

*Dette gir grunnlag for bekymring.  
Som ansvarleg departement for å sjå til at NOU 2000/24 blir følgd opp i praksis,  
bør administrativ leiing i departementet derfor ta kontakt med Statnett og innskjerpe at også denne etaten må ta NOU 2000/24 på alvor (jf t.d. kap. 4 og kap 6.22).*

*Med vennleg helsing  
Gunnar Skirbekk*

*kopi: Kåre Willoch og Hilde Sandvik (Bergens Tidende)*

(3)

*Lett å sprengje kraftliner* (desken)  
*Aftenposten*, 09.07.2010

### Kraftforsyning og terrorisme

I Aftenposten 7. juli forsvarar olje- og energiminister Riis-Johansen valet av luftspenn-alternativet i Hardanger. Han legg særleg vekt på det "kraftforsyningssikkerheten".

Når statsråden legitimerer regjeringsvedtaket ved å leggje avgjerande vekt på sårbarhetsproblemet, er det på sin plass å minne om Willoch-utvalet frå juli 2000, NOU 2000/24. Denne NOUen omhandlar også "kraftforsyning" (kap. 6, pkt. 6.22), og det blir vist til faren for "terror og sabotasje" (kap. 4). Innstillinga har mottoet "det er sannsynlig at det usannsynlige vil skje".

Innstillinga vart avgitt før 9/11. I dag er vi i krig i Afghanistan, og det finst krefter også her i landet som gjerne vil "slå tilbake". Internasjonal terrorisme er ikkje lenger ei teoretisk problemstilling. Dessutan finst det militante miljøaktivistar. Eit mogleg scenario er eit samarbeid mellom desse grupperingane. Dette gjer innstillinga frå Sårbarheitsutvalet svært aktuell, også i vår samanheng: Dersom nokon er ute etter eit spektakulært anslag med lammande effekt på store delar av det norske samfunnet, ville det truleg vere relativt enkelt å sprengje eit strategisk utval av høgspennmaster som ligg lagleg til og langt frå folk.

I lys av hendingane dei siste dagane er det derfor grunn til å stille dette spørsmålet til olje- og energiminister Riis-Johansen: Har ein, i dialog med politiske og militære styresmakter, vurdert dei ulike alternativa for straumforsyning, ut frå faren for terror og sabotasje, på bakgrunn av NOU 2000/24?

Til slutt: Når statsråden legg så stor vekt på sikker straumforsyning, må vi jo håpe og tru at ein på politisk hald har ein "plan B" for ein eventuell nødtilstand, som ved krig, terroranslag eller sabotasje, ein plan som t.d. omfattar planmessig redusert straumforbruk. Ein slik plan må også gjelde for elektrisitetsforsyning ved luftspenn-alternativet, ikkje minst fordi sabotasjeaksjonar truleg vil vere lettare å utføre på land enn i sjøen. Men då er det ikkje grunnlag for å hevde at luftspenn-alternativet, utan reservasjonar og i motsetning til kabel-alternativet, gir trygg og sikker kraftforsyning.

(4)

***Er det så sikkert?***

***Spørsmål til olje- og energiminister Riis-Johansen***

*Bergens Tidende*, 13.07.2010

I BT 6. juli forsvarar olje- og energiminister Riis-Johansen valet av luftspenn-alternativet i Hardanger. Han legg særleg vekt på det "forsyningsikkerhetsmessige aspekt" og hevdar at berre dette alternativet vil gi "trygg, sikker og stabil tilgang på strøm".

Når statsråden legitimerer regjeringsvedtaket ved å leggje avgjerande vekt på sårbarhetsproblemet, er det på sin plass å minne om Willoch-utvalet frå juli 2000, NOU 2000/24. Denne NOUen omhandlar også "kraftforsyning" (kap. 6, pkt. 6.22), og det blir vist til faren for "terror og sabotasje" (kap. 4). Innstillinga har mottoet "det er sannsynlig at det usannsynlige vil skje".

[som innlegget 09.07.2010] Innstillinga vart avgitt før 9/11. I dag er vi i krig i Afghanistan, og det finst krefter også her i landet som gjerne vil "slå tilbake". Internasjonal terrorisme er ikkje lenger ei teoretisk problemstilling. Dessutan finst det militante miljøaktivistar. Eit mogleg scenario er eit samarbeid mellom desse grupperingane. Dette gjer innstillinga frå Sårbarhetsutvalet svært aktuell, også i vår samanheng: Dersom nokon er ute etter eit spektakulært anslag med lammande effekt på store delar av det norske samfunnet, ville det truleg vere relativt enkelt å sprengje eit strategisk utval av høgspenningmaster som ligg lagleg til og langt frå folk.

I BT 29. november 2009 vart konsernsjef Auke Lont i Statnett spurdt om dei problem som Sårbarhetsutvalet viser til, er vurderte seriøst av Statnett, i dialog med politiske og militære styresmakter, med tanke på valet mellom luftspenn og sjøkabel. Spørsmålet vart reist på nytt i BT 29. desember. Spørsmålet vart også sendt til Auke Lont direkte. Men det kom aldri noko svar.

Arroganse av dette slaget vekker ikkje tillit. Derfor stiller eg no spørsmålet på nytt, retta til olje- og energiminister Riis-Johansen: Har ein, i dialog med politiske og militære styresmakter, vurdert dei ulike alternativa for straumforsyning, ut frå tilrådingane i NOU 2000/24?

[om innlegget 09.07.2010] Til slutt: Når statsråden legg så stor vekt på sikker straumforsyning, må vi jo håpe og tru at ein på politisk hald har ein "plan B" for ein eventuell nødtilstand, som ved krig, terroranslag eller sabotasje, ein plan som t.d. omfattar planmessig redusert straumforbruk. Ein slik plan må også gjelde for elektrisitetsforsyning ved luftspenn-alternativet, ikkje minst fordi sabotasjeaksjonar truleg vil vere lettare å utføre på land enn i sjøen. Men då er det ikkje grunnlag for å hevde at luftspenn-alternativet, utan reservasjonar og i motsetning til kabel-alternativet, vil gi "en trygg, sikker og stabil tilgang på strøm".

(5)

### *Snu i tide*

*Bergens Tidende, 27.07.2010*

Diskusjonen dei siste vekene om nye kraftliner langs Hardangerfjorden har gjort meg bekymra for Hardanger og bekymra for Arbeidarpartiet. Tre punkt er her viktige, både praktisk og prinsipielt:

#### Maktsentrum – region

Igjen har vi fått demonstrert at det er lengre frå Oslo til Bergen enn frå Bergen til Oslo. Folk på Vestlandet opplever dette svært sterkt og reaksjonane blir deretter. Denne saka rører ikkje berre ved folk i indre Hardanger, men heile regionen, medrekna Bergen. Hardangerfjorden er ikkje berre ein flekk på kartet. Det er tale om estetikk og turistnæring, men også om identitet.

#### Politikarane og folket

På politisk hald blir det klaga over at ein ikkje når ut med budskapet. I dette tilfellet er det snarare omvendt. I media har den politiske argumentasjonen vori vinglete: Først var økonomien det avgjerande. Så var det ikkje pengane lengre, men trygg kraftforsyning i Bergen. Og så var det kraftforsyninga til oljeinstallasjonane til havs, presentert som eit miljøtiltak. Mange opplever denne vinglinga som forvirrande og lite tillitskapande.

Men på eit avgjerande punkt kom det til ei avklaring: ”Valget av kraftlinjen handler altså ikke om penger”. ”Det er feil å bruke kostnadsnivå som argument mot en slik utbygging.” (Raymond Johansen) ”Dette er ikke et pengespørsmål” (Jens Stoltenberg). Økonomi-argumentet er dermed lagt dødt. Frå no av er behovet for sikker kraftforsyning det avgjerande argumentet. Men ut frå dette argumentet blir sjøkabel-alternativet bestemt avvist. I den samanhengen blir det vist til problem med kablane under Oslofjorden (som ”et meget godt eksempel”).

Motstandarane til sjøkabel viser unisont til desse kablane. Det dei ikkje seier, er at kablane er gamle, den yngste er 29 år; dei nemner heller ikkje at Statnett er i gang med å leggje nye sjøkablar under fjorden, og at dette prosjektet blir grunngitt ut frå ”forsyningsikkerheten” ([www.statnett.no/prosjekter](http://www.statnett.no/prosjekter)). Dei som går imot sjøkabel nemner heller ikkje at Statnett har lagt den hittil lengste sjøkabelen i verda mellom Feda i Agder og Eemshaven i Nederland (NorNed) – ein sjøkabel på 58 mil (over Norskerenna og diverse installasjonar på havbotnen) – der grunngivinga (”a major motivation”) er “økt forsyningsikkerhet” (”NorNed will increase security of supply”, pkt 4.2 i brev av 27.09.2004), og at Statnett omtalar sjøkabel som rimeleg uproblematisk (“Compared to many other

types of infrastructure projects, the construction and installation of a subsea-cable is rather straightforward”), og at Statnett her viser til andres og egne erfaringar (“worldwide experience as well as Statnett’s own record in respect to the cables to Denmark”), der det blir sagt at dei tekniske utfordringane ”kan handterast” (“The technical risks are manageable”, pkt 5.2). I Statnetts nyheitsmagasin 1/2005 og i eit skriv frå 10.10.2008 (“NorNed over all forventning”) blir NorNed framstilt som ei suksesshistorie.

I NorNed blir det brukt høgspent likestraum. Det krev store installasjonar på land. Plassert i standlinja ville dette vere svært skjemmande og eit sterkt argument imot sjøkabel i Hardangerfjorden. Men slik er det ikkje. Installasjonane i Feda er lagde til ein avsides stad oppi heia, der det ikkje er til sjenanse for nokon, og kabelen går i fjell ned i sjøen, berre synleg ved ei dør i fjellveggen. (For å finne ut kor kabelen går i havet, var det nødvendig å spørje seg fram; ikkje alle fastbuande visste kor det var.) Med andre ord, skrekkvisjonen om at slike opplegg krev ”store inngrep” som er ”godt synlege”, stemmer ikkje.

Det er meir som blir underkommunisert, t.d. at Statnett no planlegg for den fjerde sjøkabelen mellom Sørlandet og Jylland – 14 mil, over Norskerenna. Og alle dei andre sjøkablane rundt om, t.d. i og mellom Danmark, Sverige, Finland og Tyskland (for å ta dei nærmaste), eller i Japan, Australia, Filipinane og Canada, samt planane om å leggje kablar til greske øyar, medfinansiert av EU som grøn energipolitikk, og dessutan planane om sjøkablar under Middelhavet (jf utviklingsarbeidet ved Desertec/TREC), eller visjonane om eit europeisk SuberSmartGrid (der også Island er på kartet).

Med andre ord, påstandane om at sjøkabel er noko sært og vanskeleg og at luftlinje er det einaste moglege, er ikkje truverdige. Sjølvsagt er det store kostnader med kabel, og sjølvsagt er det tekniske utfordringar. Men no når det økonomiske argumentet er lagt dødt, og i lys av alt som skjer med sjøkablar rundt om, framstår spørsmålet om sjøkabel i Hardangerfjorden med ny aktualitet.

Argumenta frå politisk hald har vori vinglete og utilstrekkelege, og mange føler at dei ikkje blir tekne på alvor. ”Alle skal med” blir det sagt, men folk føler det ikkje slik. Dei føler seg overkøyrde.

### Politikk og ekspertise

Moderne samfunn er vitskapsbaserte. Vitskapen opptrer i form av ulike disiplinar, kvar og ein med sine særeigne begrep og metodar, sosialøkonomen har sine, psykologen sine, osb. Derfor er det viktig å kunne skilje mellom modell og røyndom. Og derfor er det viktig å unngå at ein bestemt disiplin (modell) blir dominerande, til fortrensel for andre, som også gir kunnskap om korleis verda er.

Dette poenget er avgjerande for forholdet mellom politikk og ekspertise: Det er ei politisk oppgåve å sikre at ulike relevante disiplinar er på plass; negativt uttrykt, det er ei politisk oppgåve å motarbeide fagleg trongsyn og

snever ekspertise. Dette er særleg påkravd for eit sosialdemokratisk parti med pretensjon om å føre ein opplyst og heilskapleg politikk, utover snevre enkeltsaker.

Ein slik politikk er krevjande, men påkravd. Her krevst det open og opplyst diskusjon i offentlege fora så vel som i partipolitisk samanheng. Det krevst open, argumenterande fornuft, ikkje berre instrumentell og strategisk fornuft ut frå snevre modellar.

Politikarane skal sikre at ulike ekspertisar i embetsverk og administrasjon legg fram alternative forslag med synlege premissar og vurderingar, og at dei ulike administrative og faglege organ fungerer fritt og uavhengig i forhold til kvarandre og i forhold til eksterne interessentar. På denne bakgrunnen skal politikarane fatte vedtak ut frå open diskusjon om føreliggjande alternativ. Administrasjonen skal ikkje berre presentere eitt framlegg. Og administrasjon skal ikkje konkludere; det skal politikarane gjere.

Vi lever i eit utdanningssamfunn. Folk er velutdanna. Det duger ikkje lenger å tale tabloid til VG og sosialøkonomisk til departementet. Snever ekspertise og utilstrekkeleg informasjon vekker mistillit. Ut frå livserfaring og skolering ser folk at dette ikkje er godt nok: Det går ikkje bra om ein underkommuniserer. Før eller seinare kjem ting for ein dag. Derfor er det best å leggje om i tide.

### Vegen vidare

For den som er bekymra for Hardanger og for Arbeidarpartiet, er det to vegar å gå: Liggje lågt og støtte dei i posisjon, i håp om at striden vil gå over. Eller setje ord på problema, i håp om at dette kan føre til framgangsrike læringsprosessar i høve til dei tre utfordringane som vi nemnde ovanfor (maktsenter versus region, politikarane og folket, politikk og ekspertise).

I eit kortsiktig partipolitisk perspektiv kan den første strategien vere nærliggjande. Men dersom det er slik at ein før eller seinare må leggje om, er det betre å gjere det med ein gong; og då er den andre strategien den rette.

Når det økonomiske argumentet no er lagt dødt og prosjektet sakleg sett er nullstilt, bør ein sjå dette som eit gunstig høve for å få i gang påkravde læringsprosessar i politikken, samtidig som ein går inn for at det blir utarbeidd alternative opplegg i Hardanger.

Dette vil vere ei krevjande omstilling for folk i leiande posisjon som har investert tid og prestisje i saka. Men i eit demokrati må lojalitet til politikken gå forut for lojalitet til bestemte personar.

For dersom ein ikkje legg om, i denne saka så vel som for dei overordna spørsmål, vil det vere tragisk for Hardanger og tragisk for Arbeidarpartiet. Så mitt råd er derfor klart: snu no!

(6)

### *Alternative løysingar og globalt klima*

*Bergens Tidende, 03.08.2010*

I BT 31. juli har statsråd Schjøtt-Pedersen ved statsministerens kontor eit innlegg om kraftlinjene i Hardanger. Innlegget er forma etter same leist som det innlegget Riis-Johansen hadde i Dagens Næringsliv to dagar tidlegare: Det inneheld kjende synspunkt i generelle vendingar, utan at ein går nærmare inn på dei motargumenta som har vori framme i den offentlege debatt, og med hovudvekt på dei administrative prosessane. Bodskapen er at ein på politisk hald har gått fram på ein administrativt riktig måte.

På leiarplass i Dagens Næringsliv, under overskrifta "Byråkraten", blir innlegget til Riis-Johansen avvist med desse orda: "Riis-Johansen foretrekker å holde seg til detaljene i saksbehandlingen til Statsnett og NVE. Han gjør ikkje en eneste politisk vurdering eller prioritering. Det er for slapt."

Eg vil seie dette: Med adresse til begge statsrådene kan det vere grunn til å minne om at den offentlege diskusjon er viktig for legitimiteten til politiske vedtak. Formelt korrekte administrative prosedyrar er ikkje nok.

Med referanse til den omfattande og intense diskusjonen i Bergens Tidende det siste halve året vil eg meine at det er tre svake punkt i innlegga til dei som går inn for den planlagde luftlinja: (i) underkommunisering av fakta, t.d. om bruk av sjøkablar andre stader og om omfattande planar om nye sjøkablar (jf BT 27.07.), (ii) arroganse, t.d. ved ikkje å svare på direkte spørsmål (jf BT 13.07.), og (iii) vingling, t.d. ved først å leggje avgjerande vekt på økonomi, for så å droppe dette argumentet og leggje vekt på kraftforsyninga i Bergensområdet, for så å vektleggje elektrifisering av industri og oljeinstallasjonar. Kort sagt, når det gjeld den offentlege diskusjon har ikkje forsvaret for luftlinja alltid framstått som tillitsskapande. Reaksjonane er blitt deretter.

Dessutan, i eit moderne demokrati skal ikkje politikarane gøyme seg bak ekspertane og byråkratane. Politikarane skal ta ansvar ved å sikre at ekspertisen ikkje er for snever, og politikarane skal sikre at administrasjonen presenterer meir enn eitt alternativ. Administrasjonen skal ikkje konkludere; det skal politikarane gjere.

Det kan her vere grunn til å gå tilbake til dei første innspela frå konsernsjef i Statnett, Auke Lont (26. november og 4. januar). For det første, Lont viser til at det berre vart søkt om eitt alternativ, luftlinje. ("Myndighetene skal ta stilling til Statnetts søknad om å bygge luftspenn, vi har ikke søkt om å få gjennomføre en kabelløsning.") For det andre, som dei tre viktigaste grunnane til dette standpunktet nemner han (i) tekniske utfordringar med ei kabelløysing, med referanse til den famøse Oslo-kabelen (jf mine innvendingar 27.07.), (ii) utfordringar ved ei kabelløysing med tanke på framtidig innmating av kraft, og (iii) at ei kabelløysing vil bli langt dyrare enn ei luftlinje. Det siste punktet blir

framheva ved følgjande fråsegn: ”Vårt mandat er å bygge ut kraftnettet på en samfunnsøkonomisk rasjonell måte”.

To merknader til dette: (i) I søknaden som vart retta til dei politiske myndigheitene, presenterte administrasjonen berre eitt alternativ. Dette er prinsipielt uheldig. (ii) I ettertid, ved avklarande innspel frå Raymond Johansen (10.07.) og Jens Stoltenberg (18.07.), er det økonomiske argumentet nullstilt. Sagt på ein annan måte: Meirkostnadene ved ei kabelløysing er prisen vi betalar for Hardanger; men som argument i denne saka er argumentet lagt dødt. Dette endrar grunnlaget for søknaden.

I innlegget 4. januar har Auke Lont endra perspektiv. Her viser han til dei alvorlege utfordringane på grunn av klimaendringane og behovet for å gå over til fornybar energi. I så måte har han fullstendig rett. Dette er dei overordna problemstillingane.

Og då bør vi vel gå inn for å dempe olje- og gassutvinninga, parallelt med redusert konsum og energisparing av ymse slag? Men det er ikkje det Auke Lont er ute etter. Han tolkar desse utfordringane slik at dei munnar ut i eit val mellom klima og kabel, anten eller. Han endar med å seie at ”jord- og sjøkabler i stedet for luftledningar kan gjøre det umulig for Norge å bidra med fornybar energi for et bedre klima”. Og argumenta? Vel, dei er dei same som dei han før har nemnt.

Det han ikkje nemner, er, for eksempel, at den internasjonale Desertec Foundation/Trec, som arbeider med planar for å overføre fornybar solenergi til elektrisitet, samtidig arbeider med planar om sjøkablar under Middelhavet frå Nordafrika til Europa. Eller at North Sea Countries Offshore Grid, ved åtte EU-statar (signert 7.12.2009) der det er rydda plass for norsk deltaking, arbeider med omfattande planar for sjøkablar mellom statane rundt Nordsjøen (pluss Finland). Han nemner heller ikkje Statnetts sjøkabel på 58 mil frå Agder til Nederland (som slett ikkje er skjemmaende eller sjenerande, jf innlegget mitt 27.07.). Heller ikkje nemner han Statnetts planar om ein ny sjøkabel frå Sørlandet til Tyskland (Norlink, om lag 60 mil), eller arbeidet med ein fjerde sjøkabel frå Kristiansand over Norskerenna til Jylland på 14 mil (Skagerak 4).

I sitt første innlegg (26.11.) viser Auke Lont til innvendingar om at ”våre naboland satser på kabling mens Norge henger etter”, noko han tilbakeviser med følgjande utsegn: ”Med unntak av enkelte kortere strekningar i Danmark, er dette ikke riktig.” Tja, på nettsidene til Energinet.dk kan vi lese at ”høyspændingsnettet på lang sigt skal lægges i kabler” (Årsrapport 2009), og at ”Planen omfatter nedtagning af de eksisterende ca. 3.200 system-km 132-150 kV-luftledninger og nedgravning af ca. 2.900 km nye 132-150 kV-kabler de næste 20 år”. Danmark er eit lite land; 3.200 km tilsvarar avstanden frå tyskegrensa til nord i Jylland, 10 gonger. Igjen er vi vitne til den type underkommunisering som har prega ein god del av innlegga frå administrativt og politisk hald.

Som kjent, det er mange slags innvendingar og alternative forslag i denne saka. Her har vi fokusert på sjøkabel-alternativet. Og avslutningsvis vil vi nøye



oss med å avvise påstanden om at valet står mellom kabel og klima – tvert om, utviklingsarbeidet ved Desertec/Trec viser at arbeidet med fornybar energi og omsynet for det globale klimaet kan gå hand i hand med ambisiøse planar om bruk av sjøkabel.

Dessutan, i lys av dei omfattande investeringane som trengst for å realisere planane om eit nett av sjøkablar i dei nære havområda (ved North Sea Countries Offshore Grid), må meirkostnadene ved ein sjøkabel i Hardangerfjorden framstå som overkommelege. I tillegg er no det økonomiske argumentet lagt dødt på politisk hald.

Mitt syn er derfor det same, også etter innlegga frå dei to statsrådene: Saka bør vurderast på nytt.

(7)

***Ein tragedie for Hardanger*** (desken)

*Klassekampen*, 04.08.2010

I utgangspunktet same innlegg som i BT 27.07.2010.

Klassekampen er Oslo-avis; innlegget nådde dermed fram til Statsministerens kontor.

(8)

***Fleire sider ved saka må fram***

*Bergens Tidende*, 04.09.2010

#### Kraftforsyning

#### Merknader til ny vurdering av Hardangersaka

##### Bakteppet

Det overordna perspektivet er spørsmålet om miljømessig og samfunnsmessig berekraft. Dette er eit spørsmål om realisme, om å ta omsyn til naturgitte grenser, men også om moral, ikkje minst overfor kommande generasjonar. Når det gjeld kraftforsyning, må vi derfor spørje: I kva monn kan utfordringane på dette feltet møtast ved teknologiske og økonomiske enkelttiltak, og i kva monn krevst det dessutan systemendringar og endring i forbruk og livsform?

##### Klima

Med tanke på klimaendringane må vi i denne saka gi eit svar på følgjande spørsmål: Er det sannsynleg at vi på Vestlandet i framtida vil få kalde og tørre vintrar, eller er det sannsynleg at vi vil få mildare og våtare vintrar? Her er det

naturvitarane inklusive klimaforskarane som gir kunnskapsgrunnlaget, ikkje ingeniørane og ikkje økonomane.

### Implikasjonar

Dersom det er slik at vi går mot eit mildare og våtare vinterklima på Vestlandet, vil behovet for oppvarming i Bergensområdet avta, samtidig som det blir mogleg å eksportere meir kraft. Dette har implikasjonar: Forsyningsproblemet for Bergensområdet blir mindre presserande. (Kor stort kraftforbruk trengst det, i lys av slike klimaprognosar, og kva vil vere ein miljømessig optimal respons, der også temporær bruk av gasskraft blir vurdert?) Men samtidig vil spørsmålet om krafteksport melde seg med auka styrke.

### Internasjonal kraftmarknad

For eksempel: I desember 2009 gjekk Nordsjøstatane inn for eit energisamarbeid via eit sjøkabelnett statane imellom – North Sea Countries Offshore Grid, der også Finland er med og der det er rydda plass for norsk deltaking. Tiltaket inngår i EUs aktive og langsiktige strategi for sikker kraftforsyning. Dette aktualiserer spørsmålet om krafteksport frå norsk side.

### Implikasjonar

Med tanke på ein felleseuropeisk kraftmarknad er det sjølvsagt ulike omsyn å ta: på den eine sida, inntekter til kraftselskapa og auka bruk av fornybar energi; på den andre sida, eit europeisk prisnivå på straum og utflagging av nasjonale ressursar.

### Påfølgjande spørsmål

Men dersom vi skal følgje opp intensjonane ved North Sea Countries Offshore Grid, ikkje minst ut frå eit scenario der mildare og våtare klima gir auka kraftproduksjon, blir det endå viktigare med likestraumskablar til havs ut frå norskekysten. Dette reiser t.d. følgjande spørsmål: Kvifor ikkje leggje slike kablar heile vegen, frå inne i fjordane der krafta blir produsert og ut i havet? I tilfellet Hardanger/Bergen: Kunne ein likestraumskabel av det slaget som blir nytta i Skagerak 4 frå Kristiansand til Jylland (og som er planlagt brukt i Storebælt) leggjast i fjorden frå Sima til ein høveleg stad sør for Nordheimsund (t.d. mellom Mundheim og Gjermundshamn) der ilandføringa kunne leggjast i fjell (som i Feda) og der omformaranlegget til vekselstraum for Bergensområdet kunne plasserast på ein avsides og usjenert stad (som i Feda), samtidig som ein paralleltgåande likestraumskabel blir ført vidare til havs, anten over land til Bjørnafjorden eller vidare ut gjennom Hardangerfjorden? Dette er spørsmål som må utgreiast.

### Konklusjon

Når vi no skal ha ein ny gjennomgang av Hardangersaka, er det påkravd at spørsmålet om endringar i klima og om implikasjonane ved nye samarbeidsopplegg (slik som North Sea Countries Offshore Grid) blir seriøst vurdert av relevante og uavhengige ekspertar. Dette er nødvendig om ei ny vurdering skal få politisk legitimitet.

(iv)

**Svar frå Det kongelege justis- og politidepartement:**

*Dykkar ref.: NOU 2000:24 og Statnett  
Dato: 21.12.2010*

*Vår ref.: 201002280- /UPE*

***E-post om NOU 2000:24***

*Departementet syner til e-post til departementet 29. januar 2010. Vi seier oss lei for at vi ikkje har svart før no.*

*Regjeringa handsama NOU 2000:24 i St.meld. nr. 22 (2007-2008)*

*Samfunnssikkerhet, samvirke og samordning.*

*Justis- og politidepartementet har ikkje gjort konkrete vurderingar knytt til det konkrete prosjektet det blir vist til i e-posten. Vi takkar for å ha blitt gjort merksame på saka og vil ta problemstillingane som vert reist med i vårt vidare arbeid.*

*Med helsing*

*Knut Anders Moi e.f.  
avdelingsdirektør*

*Ulrik Pettersen  
rådgjevar*

(9)

***Eit grønt batteri*** (desken)  
*Bergens Tidende, 26.03.2011*

Noreg som grønt batteri for til Europa?

I Bergens Tidende 21. mars er det eit større oppslag om planane for eksport av vasskraft frå Noreg til Europa via sjøkablar. Stikkordet er North Sea Countries Offshore Grid. Men dette er gammalt nytt. I desember 2009 gjekk Nordsjøstatane pluss Finland inn for eit energisamarbeid via sjøkablar, der kraft frå dei nordiske land skal inngå som eit grønt batteri for det europeiske kraftsamarbeidet. I eit innlegg i BT 4. september i fjor stilte eg derfor dette spørsmålet: ”Men dersom vi skal følgje opp intensjonane ved North Sea Countries Offshore Grid, ikkje minst ut frå eit scenario der mildare og våtare klima gir auka kraftproduksjon, blir det endå viktigare med likestraumskablar til havs ut frå norskekysten. Dette reiser t.d. følgjande spørsmål: Kvifor ikkje leggje slike kablar heile vegen, frå inne i fjordane der krafta blir produsert og ut i havet?” Aktualiteten er klar: ”Når vi no skal ha ein ny gjennomgang av Hardangersaka, er det påkravd at spørsmålet om endringar i klima og om implikasjonane ved nye samarbeidsopplegg (slik som North Sea Countries Offshore Grid) blir seriøst vurdert av relevante og uavhengige ekspertar. Dette er nødvendig om ei ny vurdering skal få politisk legitimitet.”

På bakgrunn av omtalen av saka i Bergens Tidende 21. mars vil eg stille spørsmålet på nytt: Dersom vi skal følgje opp initiativet ved North Sea Countries Offshore Grid, der målet ikkje er straumforsyninga i Bergensområdet men den europeiske kraftmarknaden, og der dette skal skje ved legging av lange og omfattande sjøkablar ut frå norskekysten, kvifor kan vi ikkje leggje slike kablar heile vegen, frå inne i fjordane der krafta blir produsert og ut i havet? Dei norske fjordane eignar seg godt for ei slik løysing. Og det gjeld ikkje berre Hardanger.

(10)

***Sjøkabel til Skottland*** (desken)  
*Bergens Tidende*, 06.11.2011

Sjøkabel til Skottland: aldri ein del av analysane?

I BT 26. oktober uttalar statssekretær i Olje- og energidepartementet, Per Rune Henriksen følgjande om Hardangersaka: ”Ikke på noe tidspunkt var spørsmålet om en utenlandskabel en del av disse analysene...”

Dette er merkeleg, i lys av det vi veit om drøftingar og intensjonsavtalar på høgt nivå om ei mogleg overføring av elektrisk kraft ved sjøkablar mellom Noreg og Skottland. Jamfør arbeidet med North Sea Countries Offshore Grid Initiative (NSCOGI, frå desember 2009), der Noreg er med ([www.euractiv.com](http://www.euractiv.com)). Og i august 2010 uttala dåverande olje- og energiminister, Terje Riis-Johansen

at han og den britiske energiministeren, Charles Hendry, var samde om å støtte dei pågåande analysane av ein mogleg sjøkabel mellom dei to land (Fox.Business 27.08.2010, med referanse til Statskraft og North Sea Supergrid). Dersom det er sant at spørsmålet om kraftnett i Hardanger aldri vart sett i lys av moglege utanlandskablar, er det derfor ei oppsiktsvekkande opplysning.

(11)

***To spørsmål til Erna Solberg***

(Sjøkabel til Skottland)

*Bergens Tidende*, 21.01.2013

Same spørsmål *Bergens Tidende*, 22.01.2013

Ikkje svar

Vi ser i Bergens Tidende av 15.01. at NorthConnect no har levert inn ein konsesjonssøknad for likestraumskabel frå Sima gjennom Hardangerfjorden til Peterhead i Skottland. Dette er i tråd med planane om eit energipolitisk Nordsjøsamarbeid basert på sjøkablar, jamfør North Sea Countries Offshore Grid, signert 7.12.2009. Dersom klimaendringane fører til våte og milde vintrar på Vestlandet, kan vi rekne med at denne problemstillinga vil melde seg med aukande stryke. Dette er derfor ei viktig sak nasjonalt, og ganske særleg for Vestlandet. Til hausten er det stortingsval. Eg har derfor eit par konkrete spørsmål til Erna Solberg:

- (i) Er De, og dermed partiet Høgre, positiv eller negativ til planane om sjøkabel frå Sima til Skottland?
- (ii) Har De drøfta, evt. vil De drøfte denne saka med Framstegspartiet?

(12)

***Manglar legitimitet***

(Sjøkablar frå Sima til Skottland)

*Bergens Tidende*, 09.09.2014

Tilsvarande innlegg i *Aftenposten* 29.08.2014 (***Løgn og lureri***)

I BT 15. januar 2013 vart det opplyst at NorthConnect hadde søkt om konsesjon for å leggje sjøkabel frå Sima til Skottland. I Aftenposten 26. august blir det vist til at NorthConnect og Eidfjord kommune no har inngått avtale om sjøkabel frå Sima, ut Hardangerfjorden, over Nordsjøen, til Skottland.

Då diskusjonen raste om mastene i Hardanger i 2010, vart det frå politisk hald underslått at det pågjekk eit internasjonalt samarbeid om sjøkablar frå

norskekysten til Storbritannia og kontinentet, jf North Sea Countries Offshore Grid, desember 2009, og NorthConnect, februar 2011.

To avgjerande poeng vart dyssa ned: Dersom klimaendringane fører til at vi går mot eit mildare og våtare vinterklima på Vestlandet, blir forsyningsproblemet for Bergensregionen mindre presserande, samtidig som spørsmålet om krafteksport vil melde seg med auka styrke. Dersom ein går inn for å leggje likestraumskablar frå Sima gjennom Hardangerfjorden over Nordsjøen til Skottland, er det grunn for å vurdere eit omformaranlegg til vekselstraum på ein avsides og usjenert stad ved utgangen av Hardangerfjorden (slik det er gjort i Feda).

Når styreleiar i NorthConnect, Odd Øygarden, avviser samanlikninga med diskusjonen om sjøkabel for fire år sidan, ved å vise til at det no er tale om likestraum, bevegar han seg derfor på kanten av det løgnaktige.

Meir enn dét: desse poenga var framme i ordskiftet (jf BT 4. september 2010), men utan respons på offisielt hald.

«Meir openheit, meir demokrati!» Men ikkje her. Den offisielle behandlinga av mastesaka i Hardanger er dessverre prega av løgn og lureri. Dei vedtak som vart fatta, manglar derfor politisk legitimitet.

## **Avisinnlegg**

Konsernsjef Statnett, Auke Lont, *BT* 26.11.2009  
Kommunikasjonssjef Statnett, Irene Meland, *BT* 15.12.2009  
Konsernsjef Statnett, Auke Lont, *BT* 04.01.2010

Raymond Johansen, *BT* 10.07.2010  
Jens Stoltenberg, *BT* 18.07.2010  
Karl Eirik Schjøtt-Pedersen, *BT* 31.07.2010  
Per Rune Henriksen, *BT* 26.10.2011

*BT* 21.03.2011

## **Etterspel**

*NRK* 17.02.2015  
“Monstermastene tåler ikke isen i Hardanger”  
Store ismengder førte til brudd på de nye linjene I Hardanger. Nå ber Statnett Meteorologisk Institutt om hjelp.

*NRK* 03.02.2015  
«'Monster-linjene' samler 125 kilo is per meter»

## **Referansar**

NOU 2000/24 (Sårbarheitsutvalet)  
kap. 1.31, 4, 6/6,22

NorNed (brev 27.09.2004, pkt 4.2, 5.2)  
Statnett nyheitsmagasin 1/2005  
Statnett skriv 10.10.2008 (“NorNed over all forventning”)  
Norlink  
Skagerak 4  
[www.statnett.no/prosjekter](http://www.statnett.no/prosjekter)

Energinet.dk (Årsrapport 2009)

Desertec/TREC  
SuperSmartGrid  
North Sea Countries Offshore Grid (signert 07.12.2009) - NSCOGI

[www.euractiv.com](http://www.euractiv.com)

Fox.Business 27.08.2010